

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 28. mai 2020 17:05
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 21/2020, 28. MAI

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 21/2020, 28. MAI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

UTANLANDSKE STUDENTAR FÅR Plass PÅ NORSK FOR INTERNASJONALE STUDENTAR OG MASTER IN MEDIA PRACTICES

Kriseleiinga har avgjort at Høgskulen i Volda hausten 2020 vil ta opp utanlandske studentar til årsstudium og gradsstudium som ikkje har norsk som opptakskrav. Dette gjeld i all hovudsak det eittårige studiet NIS (Norsk for internasjonale studentar) og den toårige MMP (Master in Media Practices). Det er ein sjølvsgatt føresetnad at studentane får visum/innreiseløyve frå styresmaktene og at dei faktisk kjem seg til Volda i tide. Fagmiljøa bestemmer sjølve kva som er siste frist for oppmøte i Volda. I alt kan det bli snakk om ca 30-40 internasjonale studentar på dei to studia. Kortare utvekslingar og studieturar er avlyst hausten 2020, både for innreisande og utreisande.

FRAMLEIS REISEFORBOD FOR TILSETTE

Tilsette ved Høgskulen i Volda har framleis reiseforbod på grunn av korona-krisa. Dette vart avgjort av kriseleiinga onsdag 27. mai. Tilsette som vurderer det som verksemdkritisk at dei gjennomfører ei reise må få godkjenning frå næraste leiar. På avdelingane er det dekan som er næraste leiar og for tilsette i fellesadministrasjonen er det høgskuledirektør.

KANTINA LEVERER MAT PÅ BESTILLING

Dei tilsette på studentkantina på Høgskulen i Volda har vore permitterte sidan i mars. Kantina har opna for matbestilling, men ver ute i god tid. Det blir ikkje mogleg å handle over disk ut dette semesteret.

OMFRAMT STYREMØTE 28. MAI: UH-LOV, SPRÅKPOLITIKK, AVDELINGSRÅD OG DEKANTILSETTING

Høgskulestyret held omframnt styremøte 28. mai 2020. Styret skal blant anna diskutere høyringsvar på framlegg til ny lov for høgskular og universitet. Sakspapira til styremøtet er tilgjengelege på [dei vanlege nettsidene til styret](#). Styremøtet blir gjennomført på Zoom og er [tilgjengeleg i opptak på våre nettsider](#).

KATE KARTVEIT TILSETT SOM DEKAN PÅ AVDELING FOR MEDIEFAG

Styret ved Høgskulen i Volda har vedteke å gi [Kate Kartveit](#) tilbod om dekanstilling ved Avdeling for mediefag frå 1. august 2020. Kate Kartveit er 60 år og kjem frå ei stilling som ass. professor ved Danmarks Medie- og Journalisthøgskole. [Les meir på våre nettsider](#).

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når det (helst) finst lenke til ei bok eller ein tidsskriftartikkel du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) TRE ARTIKLAR AV INGER MARIE OKKENHAUG

[Professor Inger Marie Okkenhaug, ASH](#), har tre internasjonale publiseringar:

Inger Marie Okkenhaug: "Orphans, Refugees and Relief in the Armenian Republic, 1922-1925" i [Aid to Armenia. Humanitarianism and Intervention from 1890s to the present](#), red. Joanne Laycock & Francesca Piana, Manchester: Manchester University Press (2020).

Inger Marie Okkenhaug: "Female Armenian Refugees, Relief and Evangelization in Aleppo, 1920-1939", i [Gendering Humanitarianism: Politics, Practice, and Empowerment during the Twentieth Century](#), red. Johannes Paulman, Esther Möller & Katharina Stornig, London: Palgrave Macmillan (2020).

Svante Lundgren, Elizabeth Melikian, Inger Marie Okkenhaug m.fl: [«Folk mord, flyktingar og fortlevnad»](#), Artos och Norma Bokförlag, 2000.

PUBLISERINGAR (3) GERD SYLVI STEINNES HAR SKRIVE BOK

Førsteamanuensis Gerd Sylvi Steinnes er ein av tre medforfattarar i boka [«Fra intensjon til handling. Dilemma som omdreiningspunkt for kompetansebygging»](#). Dei to andre forfattarane er Liv Torunn Eik (USN) og Elin Ødegård (UIS). Boka er publisert på Fagbokforlaget.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

28.5.2020: Styremøte ([video frå møtet](#))

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#)

Studieåret 2020-2021

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund (AVLYST)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

28.05.2020: [Orientering til høgskulestyret](#)

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

